



Byllesjuka hos sau på Malangshalvøya

Forfatter

Gunvor Elise Nagel-Alne, TINE Rådgiving/ NVH

Sammendrag

I 2007 blei førekomsten av byllesjuka hos både sau og geit på Malangshalvøya undersøkt. Risiko for smitteoverføring av byllesjuka mellom saue- og geiteflokkar blei også vurdert. Prosjektet blei administrert av prosjekt «Friskare geiter» og finansiert i eit samarbeid med Norsk Sau og Geit, Fylkesmannen i Troms, Nortura, Helsetenesten for geit og Helsetenesten for sau.

Publisert

2010

Referanse

Sau og Geit nr. 2/2010

Utskriftsdato

31.07.2021 www.fag.nsg.no

Byllesjuka hos sau på Malangshalvøya

Prosjekt «Friskare geiter» valde å utsetje oppstart av sanering i geiteflokkar på Malangshalvøya i Troms hausten 2006. Dette blei gjort fordi ein ikkje hadde forventet så mange byllesjukemitta sauer i kontaktflokkar til geitebesetningane.

I tillegg hadde ein inntrykk av at i dette området var det relativt tett kontakt mellom sau og geit på beite og at deling av beiteområde mellom dyreslaga ikkje var uvanleg.

I 2007 blei førekomsten av byllesjuka hos både sau og geit på Malangshalvøya undersøkt. Risiko for smitteoverføring av byllesjuka mellom saue- og geiteflokkar blei også vurdert. Prosjektet blei administrert av prosjekt «Friskare geiter» og finansiert i eit samarbeid med Norsk Sau og Geit, Fylkesmannen i Troms, Nortura, Helsetenesten for geit og Helsetenesten for sau.

Resultat frå Malangshalvøya

Hausten 2007 og 2008 blei det tatt blodprøvar av 4.248 sauer i 46 saueflokkar på Malangshalvøya for å testa dei for antistoff mot byllesjuka. 6,4% av dyra testa positivt.

Det blei ikkje påvist byllesjukaantistoff hos sau i 14 flokkar. Førekomsten var lågare enn 10% i 20 flokkar, medan

det var over 10% positive dyr i 12 flokkar. Oppsummert viser prøvetakinga i dei 46 saueflokkane at 70% var smitta med byllesjuka i varierende grad.

Registrering av byllar

Det blei i tillegg gjennomført klinisk undersøking og registrering av utvendige byllar i lymfeknutar hos alle sauene som ein tok blodprøve av. Av dei undersøkte sauene blei det registrert byllar hos 4,7%.

I 10 flokkar blei det ikkje funne byllar, i 27 flokkar hadde under 10% av sauene byllar og i 9 flokkar blei det registrert byllar hos meir enn 10% av dyra. Det blei ikkje gjort dyrking av bakteriar frå dei registrerte byllane. Byllar på sauer kan også vere forårsaka av andre bakteriar enn byllesjuka-bakterien *Corynebacterium pseudotuberculosis*.

22% av sauene som fekk påvist byllesjuka ved blodprøvetesting hadde registrerte byllar, medan 25% av sauene med registrerte byllar fekk påvist byllesjuka ved blodprøvetesting.

Falske negative

Det er ei utfordring at byllesjukemitta sau ikkje alltid testar positivt på blodprøve (antistofftestar). Dette blir forklart med at antistoffnivået i dyret i periodar kan bli lågare når bakteriane er isolert i innkapsla byllar. Med dette som utgangspunkt blir det også inter-

nasjonalt anbefalt å kombinere klinisk inspeksjon og serologisk testing (blodprøvetesting) av dyr i arbeidet med å kvitte seg med byllesjukemitta hos sau. Dyr med klinisk byllesjuka med *Corynebacterium pseudotuberculosis* eller påvist byllesjukaantistoff bør fjernast frå besetninga for effektivt å redusere smitterisikoen.

Kontroll på slaktelinje

Det blei utført utvida slaktelinjekontroll av 20 dyr med påvist byllesjukaantistoff frå tre ulike besetningar; frå fire skrottar blei det tatt ut byllar og påvist *Corynebacterium pseudotuberculosis* ved dyrking.

Oppfølging/tiltak

Det blei altså funne byllesjukemitta i ein stor del av dei blodprøvetesta saueflokkane (70%). Med bakgrunn i desse resultatane sendte ein derfor ut informasjon om smitteforebyggjande tiltak mot byllesjuka til alle saue- og geiteprodusentar på Malangshalvøya. (Sjå siste del av innlegget).

I arbeidet med å kontrollere byllesjuka, er det viktig å identifisere smitteveier og setje inn tiltak for å hindre smittespreiing. Eit viktig tiltak er å skilje smitta vaksne dyr frå yngre dyr. Det er også viktig å ha ein strategi for klinisk undersøking, testing og utslakting av dyr som får påvist byllesjuka.

Byllesjuka er ein sjukdom som lett kan etablere seg i saue- og geitepopulasjonar dersom det ikkje blir sett i verk tiltak for å avgrense smittespreiing. Gjennom kliniske undersøkingar, blodprøvar og isolering eller utslakting av smitta dyr kan ein over tid utrydde byllesjuka frå sauebesetningar. Utan slike tiltak vil byllesjukan spreie seg i sauepopulasjonen.

*Gunvor Elise Nagel-Alne,
stipendiat TINE Rådgiving/ NVH,
Institutt for produksjonsdyrmedisin
e-post: gunvor.elise.nagel_alne@nvh.no
mobil: 905 54 773*

Informasjon til småfeholdere i tilsynsområdet til Mattilsynet DK Gauldal

SMÅFE-holdere i Melhus, Midtre Gauldal, Holtålen, Røros, Rennebu og Oppdal opplyses herved om at det årlige informasjonsskrivet som tidligere ble sendt til samtlige småfeieiere faller bort fra og med inneværende år 2010.

Mattilsynet DK Gauldal viser til Mattilsynets nettsider www.mattilsynet.no for informasjon om regelverk, skjemaer, registreringer, rapporteringer og andre gjeldende krav ved hold av småfe.

Mattilsynet DK Gauldal
Telefon: 06040



Om byllesjuka

Byllesjuka er ein kronisk smittsam sjukdom (byllar i lymfeknutane) hos sau og geit forårsaka av bakterien *Corynebacterium pseudotuberculosis*.

Smitte kan skje direkte mellom dyr eller indirekte via utstyr (f.eks. klippeutstyr) som er infisert med smittestoff. Skadar/sår etter klipping, kastrasjon, slåssing etc. vil gjere sauen meir utsett for byllesjukemitte. I tillegg kan navlen på nyfødde lam vere ein mulig smittevei for denne sjukdommen.

Byllesjuka viser seg gjerne med byllar i lungene eller andre indre organ hos sau, men utvendige byllar blir også observert. Sauer som har byllar i lungene kan hoste opp smittestoff og smitte andre småfe. Byllesjukebakterien kan overleve i husdyrmiljø i fleire veker, opptil månadar.

Alle dei store saueområda i verda har påvist byllesjuka. Ei undersøkjing frå 2002 i Australia viste at gjennomsnittleg førekomst i besetningane var 24%. Tap i forbindelse med kassasjon av kjøtt på grunn av byllesjuka var berekna til 75 mill. NOK pr. år. I New Zealand (1987) blei det funnet byllesjuka i 7,1% av slakt frå vaksne dyr. Byllesjuka var rapportert som hovudårsak til kassasjon av saueslakt i Sør-Afrika (1994). I Storbritannia blei byllesjuka første gang påvist i 1990, på geiter importert frå Tyskland. Året etter, i 1991, blei byllesjuka påvist i fleire saubesetningar, ingen av disse hadde vore i kontakt med importerte sauer eller geiter.



Tiltak mot byllesjuka

Hvis du får påvist byllesjukemitte i besetningen din:

For å hindre videre smitte innad i flokken og hindre ny smitte utenfra, er følgende tiltak viktig:

1. Lær av dyrlegen hvordan en kjenner om det er byllar i lymfeknuter.
2. Kjenn over sauene rett etter klipping da det er lettest å finne byllar på nyklipte sauer.
3. Alle dyr som har fått påvist smitte skal isoleres i egen bing mens de er inne.
4. Rekkfølge ved klipping er viktig. Start med de yngste dyra og de som ikke har påvist smitte. Ta de gamle og smitta dyra til slutt. Klippeutstyr skal også desinfiseres med Virkon S, 1% eller tilsvarende desinfeksjonsmiddel dersom kniven lager hull på en byll før klipping av neste dyr. Utstyret må desinfiseres dersom det er brukt i andre flokker først. Der det lar seg gjøre, bør klippere bruke besetningens egne klær og sko.
5. Dersom en byll ser ut til å kunne sprekke eller sprekker, må dyret straks isoleres fra andre dyr. Puss må fjernes, utstyr og klær vaskes og desinfiseres. Dyret skal utrangeres.
6. Start alltid med føring og stell hos de friske dyra.
7. Lag smittesperre og ta kun dyr inn i besetningen dersom de kommer fra smittefri besetning. Kjøper må passe på at innkjøpte dyr (værer, bukker, andre livdyr) er testet for byllesjuka og er fri for byllar før innslepp i ny besetning.

For å sanere flokken er følgende tiltak nødvendig:

1. Sauer med synlige byllar eller positive blodprøver utrangeres til høsten.
2. Dersom mange dyr har smitte, skal de med synlige byllar utrangeres først. Ta kontakt med veterinæren for nærmere planlegging for utrangering av smitta dyr.
3. Lam etter søyer med synlige byllar slaktes til høsten.
4. Vask og desinfiser så snart som mulig binger hvor de smitta dyra har gått. Bingene må også vaskes og desinfiseres etter beiteslipp. Bruk helst varmt vann og såpe. Desinfiser med Virkon S 1%.
5. I samråd med veterinæren må det vurderes tiltak ute dersom sauene går på et begrensa område i deler av beitesesongen. Særlig gjelder det steder hvor sauene ofte samler seg.

Hvis du ikke har fått påvist byllesjukemitte i besetningen din:

For å hindre ny smitte utenfra:

1. Lær av dyrlegen hvordan en kjenner om det er byllar i lymfeknuter
2. Kjenn over sauene rett etter klipping da det er lettest å finne byllar på nyklipte sauer.
3. Klippeutstyr skal desinfiseres når det har vært brukt i annen besetning.
4. Lag smittesperre og ta kun dyr inn i besetningen dersom de kommer fra smittefri besetning.
5. Bingene bør vaskes/reingjøres etter beiteslepp. Bruk helst varmt vann og såpe.

Lær hvor du skal se/kjenne etter byllar på sau og geit

Skjematiske tegninger av sau og geit. Lymfeknuter som ofte blir forstørret ved byllesjuka hos sau og geit er markert med blått.

